**Frist: 24. april**
**Sendes til: postmottak@krd.dep.no**

# Årlig rapport BOLYST

**Til:** KRD

**Fra:** «Ski heile året»

**Dato:** 23. april 2012

**Destinasjon Voss og «Ski heile året» har frist innan 1.desember 2012 på å levere sluttrapport for bruken av Bulyst midlane, med revisorbekrefta rekneskap. Sidan fristen for sluttrapporteringa er i inneverande år vert denne statusrapport kortfatta. Med bakgrunn i same grunngjeving synest det ikkje naudsynt å levere rekneskap med denne statusrapporten.**

---

| | |
|---|---|
| **Kommune:** | **Voss, Jondal, Odda** |
| **Prosjektnavn:** | **«Ski heile året»** |
| **Prosjektleder:** | Erik Østlie, Destinasjon Voss |
| **Leder i styringsgruppen:** | Styringsgruppa samansett av representantar frå: Hordaland fylkeskommune, NCE tourism, Folgefonna, Røldal, Myrkdalen og Voss, prosjektleiar har også fungert som leiar av styringsgruppa. |
| **Kontaktperson i fylkeskommunen:** | Ole Øvretveit, Hordaland fylkeskommune |
| **Forankring av prosjektet** (flere kryss er mulig) | X — a) Styringsgruppe<br>X — b) Forankring i befolkningen<br>X — c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt<br><br>Bulyst prosjektet til Voss, Jondal og Odda er ein del av eit større prosjekt kalla «Ski heile året». Gjennom Ski heile året er tiltaka i bulyst prosjektet breitt forankra hjå offentlege aktørar, næringsaktørar og lokalbefolkninga. |
| **Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet** | Sidan hausten 2009 har kommunane Voss, Jondal og Odda hatt eit fellesprosjekt *Ski heile året,* med hovudfokus på å kunne tilby attraktive skiopplevingar heile året for den norske og den internasjonale marknaden. Bulyst prosjektet er organisert som eit delprosjekt under det store samarbeidsprosjektet «Ski heile året» |

| | |
|---|---|
| **på vei til å nå sine mål?** | **Målsettingar hovudprosjekt**<br>Skidestinasjonane i Hordaland skal tilby attraktive skiopplevingar – 12 månader i året – for den norske og internasjonale marknaden. Området skal bli eit alternativ når skigjester frå Nederland, Storbritannia, Russland og Danmark skal velgja reisemål for vinterferie. Destinasjonane skal i prosjektperioden på 4 år etablere 30 000 utanlandske skidagar til destinasjonar i Hordaland. I perioden skal dei ulike destinasjonane få på plass samarbeidsavtalar med turoperatørar som kan vera med å sikra ei slik utvikling i prosjektet, men også vidare utvikling etter at prosjektet evt vert avslutta.<br>**Målsettingar delprosjekt - Bulyst**<br>• Bidra til at fleire barn og unge søkjer naturbaserte aktivitetar gjennom aktivitetar på ski<br>• Bidra til å skape lokal entusiasme for lokale tilbod<br>• Bidra til at lokale tilbod også vert ein drivar for auka turisttrafikk som igjen sikrar betre tilbod også for lokalbefolkninga<br>• Gjera bygdene til meir attraktive og aktive stader å bu gjennom auka aktivitet og fleire møtestader<br>• Erfaringsutveksling mellom destinasjonane, både når det gjeld arrangementsavvikling, marknadsføring og profilering. |
| **Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?** | • Lokalbefolkning i kommunane Voss, Odda og Jondal med hovudvekt på barn og unge<br>• Tilreisande turistar, både nordmenn og utlendingar |
| **Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak** | Hovudprosjektet «Ski heile året» er allereie langt på veg med å lukkast i å nå sine mål.<br>**For resultat delprosjekt – Bulyst sjå eigen rapport/ vedlegg.** |
| **Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan** | X — a) Følger opprinnelig plan<br>    — b) Forsinket pga.<br>X — c) Det er foretatt følgende justering<br><br>C)**Folgefonna Sommarskisenter, Jondal**<br><br>Februar 2012 slo det gamle driftselskapet på Folgefonna, Folgefonn sommarskisenter AS, seg konkurs. Bakgrunnen for dette er at drifta dei siste 3 åra dessverre har vore ramma av uheldige omstende som ein ikkje sjølv rår over. Særskilt i 2010 og 2011 sesongen vart |

<table>
<tr><td></td><td>skisenteret råka hardt av særs unormale vær fenomen. Vinteren 2010 kom det svært lite snø, noko som medførte at sesongen vart avkorta til 2 månader. I 2011 var det gode snøforhold men vulkanen på Island sendte 20-30 cm svart askesnø, som medførte rask ned smelting. I kombinasjon med dette kom det særskilt dårlig vær i månadane mai til juli og dermed vart sesongen spolert. Folgefonn sommarskisenter AS er konkurs som ei konsekvens av dette.<br><br>I eit møte 24.02.2012 kor det var representantar frå Hordaland fylkeskommunen , Innovasjon Norge, Jondal kommune, prosjektleiinga «Ski heile året» samt frå det gamle driftsselskapet, vart det difor fremja at det mest hensiktsmessige er at Bulyst midlane tilkjem det nye driftsselskapet Visit Fonna AS. Det vert i desse dagar jobba med ein finansieringsplan for vidare drift av Folgefonna, kor tilskotet frå KRD er medrekna i finansieringsplanen. Men midlane vert kunn utbetalt til det nye driftsselskapet, Visit Fonna AS, dersom dei forpliktar seg til å ferdigstille og gjennomføre tiltaka slik dei er beskrivne i søknaden om Bulyst midlar frå «Ski heile året».</td></tr>
<tr><td>Oppnådde resultater<br>Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt?<br>(Kryss av)</td><td>
<table>
<tr><td></td><td>a) Helt lokal effekt</td></tr>
<tr><td>X</td><td>b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen.</td></tr>
<tr><td>X</td><td>c) Effekten kommer i hele fylket</td></tr>
<tr><td></td><td>d) Effekten kommer i eget og andre fylker</td></tr>
<tr><td>X</td><td>e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge</td></tr>
<tr><td></td><td>f) Vet ikke/ikke relevant</td></tr>
</table>
</td></tr>
<tr><td>Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet<br>(max 250 ord)</td><td>Hovudtanken bak Bulyst – satsinga til «Ski heile året» prosjektet er at ein i skjeringspunktet mellom lokalsamfunnsutvikling og reiselivsutvikling kan ein sikre tiltak som har begge interessegruppene som definerte målgrupper. Slik kan ein sikre ei reiselivsutvikling som er positiv for lokalsamfunnet og visa versa. Utgangspunktet for ein slik modell er nettopp det faktum at eit reisemål kan definerast også som ein stad der folk bur.<br><br>Med denne metodikken kan ein tenkje seg at:<br>1. lokalbefolkninga får eit utvida tilbod når reiselivsnæringane utviklar opplevingar og aktivitetar for turistar<br>2. staden vert meir attraktiv som bustad for nye innbyggjarar når ein utviklar slike tilbod, både med omsyn til auka tilbod til fritidsaktivitet med også som arbeidsplass.</td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
| | Ein synergieffekt av prosjektet er at det bidrar til å gjere skianlegga meir attraktive for lokalsamfunnet. Prosjektet understøttar altså samanhengen mellom den gode bustad og det gode reisemål. Gjennom nyttige erfaringar med dette prosjektet ynskjer ein nå å gå eit steg vidare på denne vegen, med tankeganken rundt det at lokalsamfunnsutvikling og reiselivsutvikling kan gå hand i hand.<br><br> |
| **Overføringsverdi** for eksempel til andre lokalsamfunn | Det som kan ha stor overføringsverdi for andre lokalsamfunn, er korleis ein vellukka kan gjennomføre denne samhandlinga mellom lokalsamfunnsutvikling og reiselivsutvikling.<br>Prosjektet har også opparbeida seg svært gode erfaringar med kor viktig det er at ein i slike prosjekt knyter til seg dediserte verksemder, som inngår bindande avtalar med prosjektet. Særleg viktig at verksemdene forpliktar seg til å bidra med eigeninnsats og midlar inni prosjektet. Dette |
| **Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet** | **Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet?**<br>Erik Østlie Prosjektleiar Ski heile året:<br>• 19.09 NCE og ski - marknadsmoglegheiter for resort skiturisme og utfordringar med produktutvikling. korleis kan NCE arbeide med produktutvikling innanfor "Ski heile året"?<br>• 18 - 20 okt.: London. London freeze festival?<br>• 4 - 5 nov: Moskva, møte turoperatørar om Ski heile året produktet<br>• jan: Tysk pressetur med tema ski<br>• 4-5. jan: Besøk av russiske turoperatørar, skiprodukt<br>• 19 - 21 jan: Dansk presse tur, tema ski<br>• 29 - 30 jan: ISPO<br>• 7 -8 februar: Marknadsmøte Fjord Norge<br>• 14 -15 februar: Moskva møte med russiske turoperatørar, skiprodukt.<br>• 5 - 8. mars: Nederlands pressetur, tema ski.<br>• 19 mars: Pressetur med presse frå Russland og Danmark, tema ski. |

<table>
<tr><td></td><td>
<ul>
<li>17. april: Presentasjon av "Ski heile året" prosjektet på Møteplass reiseliv Hordaland.</li>
<li>19. april: Presentasjon av "Ski heile året" prosjektet på Destinasjonsmøte for Destinasjon Voss</li>
</ul>
Anne Grethe Bakke Dagleg leiar Destinasjon Voss:
<ul>
<li>17.august: Presentasjon for næringslivsgruppe frå Åndalsnes, Rauma kommune.  Prosjekt Nordveggen.</li>
<li>06.oktober: Presentasjon for geografistudenter ved Universitetet i Bergen: Næring, reiseliv og opplevelsesindustri på Voss.</li>
<li>06. oktober:"Korleis gjere kvarandre gode?" Presentasjon for studentar ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar</li>
<li>18.oktober: Presentasjon for studentar ved NTNU i Trondheim, linje for produktdesign</li>
<li>24.oktober Foredrag for Jernbaneverket «Stedsutvikling og reiseliv på VOSSAvis»</li>
<li>08.november: Plankonferansen for Hordaland, presentasjon v/Ordførar og dagleg leiar DV: Korleis prioritera me næring - tilrettelegging for reiseliv og festivalaktivitet</li>
</ul>
I tillegg er prosjektet godt kjent i Fjord Norge og i NCE tourism der DV samarbeider tett.
</td></tr>
<tr><td>Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)</td><td>Sluttrekneskap vert sendt innan 1. desember 2012.</td></tr>
<tr><td>Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</td><td>
<table>
<tr><td>X</td><td>a) Stabilisere eller øke befolkningen</td></tr>
<tr><td>X</td><td>b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser</td></tr>
<tr><td>X</td><td>c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer</td></tr>
<tr><td>X</td><td>d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne</td></tr>
<tr><td>X</td><td>e) Økt kompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen</td></tr>
<tr><td></td><td>f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd)</td></tr>
<tr><td></td><td>g) Styrke regionale sentra</td></tr>
<tr><td>X</td><td>h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter?</td></tr>
<tr><td>X</td><td>i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål?</td></tr>
</table>
</td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
| **Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt** (maks 250 ord) | Arbeidet vil vere integrert i prosjektet Ski heile året. Dette prosjektet har ei tidsramme på 4 år (oppstart sesongen 2009/2010) og dette prosjektet vil inngå som ein viktig del av ei større satsing.<br>I tillegg er Ski heile året prosjektet så sterkt forankra i dei 4 skianlegga som deltar, slik at aktiviteten vil halde fram etter at prosjektperioden er over.<br>Vidare er det no tankar rundt å etablere eit nytt prosjekt kalla «Aktiv heile året». Kor dei vellykka tiltaka frå Ski heile året vert vidareført, inn i eit prosjekt kor ein tenkjer region og lokalsamfunnsutvikling kombinert med reiselivsutvikling med eit større heilårs perspektiv enn det «Ski heile året» har hatt. |